



Akvator AS  
Kunnskapshuset Sæ 132  
5417 STORD

Dato: 26.06.2014  
Vår ref.: 2014/17618-5  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av områderegulering og detaljreguleringar, Bjånes - Os kommune

Vi viser til brev datert 10. juni 2014 om oppstart av arbeid med områderegulering for samleveg 1 og 2, delfelt T1, BA1 og del av B3 og B4, og oppstart av arbeid med detaljregulering for delfelt B4 og T1 og B7. Hovudføremålet med reguleringane er ny vegtilkomst til Bjåneshalvøya, barnehage og bustadføremål med tilhøyrande infrastruktur. Føremåla er i samsvar med kommunedelplan, men planarbeidet ønskjer å endre eksisterande barnehageføremål til bustad og finne ny lokalisering av barnehagen. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslingane ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Planfagleg innspel

Planarbeidet med ein områdereguleringsplan og to detaljreguleringsplanar som berre delvis overlappar er vanskeleg tilgjengeleg. Dette skapar ein barriere for medverknad i planarbeidet. Fylkeskommunen rår til at reguleringane vert samla til eit reguleringsplanarbeid. Det er opp til Os kommune å velje område- eller detaljregulering. Området er allereie sett på heilskapleg i kommunedelplanprosessen, etter vår vurdering vil det difor vere føremålstenleg å gå rett på detaljregulering av heile området samla.

Vi vil i det vidare arbeidet leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Senterutvikling
- Universell utforming

### Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i *Fylkesdelplan for kulturminne* der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Hordaland fylkeskommune vil minne om at planen, når den kjem på offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.

Delar av planområdet har potensialet for funn av automatisk freda kulturminne. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn til planen. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Det er ofte føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma for å kunne ta omsyn til eventuelle konfliktar med automatisk freda kulturminne. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane med ei slik undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune vil gje endeleg fråsegn til oppstartsmeldinga etter synfaringa.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune rår til at reguleringane vert samla til eit reguleringsplanarbeid. Vi ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, landskap, kulturminne, samferdsel, senterstruktur og sentrumsutvikling, og universell utforming.

Hordaland fylkeskommune vil gje endeleg fråsegn til oppstartsmeldinga etter synfaring.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Os kommune

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland